



Ordførar Synnøve Solbakken, her i samtale med Magne Grindheim, er begeistra for AFA og står på for å utvida tilbodet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

AFA har fått klarsignal for tre nye VTA-arbeidsplassar. Dermed kan tre tas inn frå venteliste og arbeidsstaben auka frå 27 til 30 tilsette

I tillegg ønskjer AFA og NAV å oppretta avklaringsplassar i løpet av sommaren, der personar med lang sjukemelding bak seg kan få prøva seg før dei eventuelt går tilbake til arbeidslivet. Alternativet for dei er å reisa til Stord.

Avklaringsplassane vil styrka AFA både med omsyn til kompetanse og økonomi. Lokala må utvidast og det blir eit mykje betre tilbod enn i dag, seier dagleg leiar Tor Vidar Sæle til Kvinnheringen. Han har søkt om og fått utvida permisjonstida frå lensmannskontoret i eit år til.